



VIL INN PÅ

FYLKESTINGET



DU AVGJER!

Vi skal bli dei nye «møteplagarane»

Vi i Raud Valallianse torer å syngje ut der andre teier. Hos oss står folk sine behov øverst — vi vil ikkje nøye oss med å lese sakspapira, men kontakte dei som sakene gjeld før vi tek stilling. Kort sagt: I arbeidsstil og innretting skil vi oss radikalt frå dei andre partia. Av same grunn kan eg love at vi skal bli eit merkbart parti dersom vi kjem inn på fylkestinget — og det gjer vi!

Dette seier Geir Oldeide. No vil han inn på fylkestinget og slå i bordet til både Julius Fure, Alv O. Bergset og alle dei andre.

—Har RV reelle mandatsjansar til komande fylkesting?

—Ja, det meiner eg bestemt. Denne gongen har vi ein verdig sjanse til å få inn ein representant. Denne optimismen bygger vi på resultatet frå valet i 1983, då vi fekk vel 600 røyster. Vi treng ikkje meir enn ca. 1.000 røyster for å få eit mandat på fylkestinget. Difor skal det ikkje mange fleire røyster til i kvar av dei 26 kommunane i fylket før vi lukkast.

—Skal RV bli dei nye møteplagarane på fylkestinget?

—Det spørst kva du meiner med «møteplagar». Eg vil ta eit døme frå heimkommunen min, Vågsøy. I forrige periode sette dei stadig nye fartsrekordar i behandling av saker. Det mest ekstreme var visstnok over 40 saker på ein halvtide.

I valkampen i 1983 lovde vi at det aldri meir skulle setjast fartsrekordar dersom RV kom inn i kommunestyret. Og slik vart det. No blir sakene grundig diskutert, og kvenna i gata interesserer seg for kommunepolitikk som aldri før. RV sitt mål er at det same skal skje i fylkestinget. Så slik sett kan du gjerne kalle oss «møteplagarar»....

—Vil RV greie å få noko meir ut av ein representant på fylkestinget enn det SV har greidd?



Geir Oldeide, 31 år, fiskeindustriarbeidar, Vågsøy, står på 1. plass på RV si fylkestingsliste.

—SV har hatt to representantar inne i denne perioden, og dei satsar no på å få inn ein tredje. Vel, eg føl godt med i fylkespolitikken, men med handa på hjarta, eg har omtrent ikkje merka nokon som helst opposisjon frå den kanten. Ein RV-representant vil garantert sette eit heilt anna preg på fylkespolitikken. Ein annan ting er det at SV stort sett ikkje har vist seg som noko anna enn eit haleheng til Arbeidarpartiet i Noreg.

Dei som sit på fylkestinget i dag er først og fremst opptekne av å drive butikk og mele si eiga kake. Dei har fått synt kva dei står for. Det einaste nye som kan skje på fylkestinget er at RV blir representert.

Kvifor skal du stemme RV ved valet i haust?



MARIANNE ÅM, 40, helse og sosialsjef, Balestrand. RV er eit parti som slåst for at eldremomsorga skal vere eit offentleg ansvar, og ikkje berre ei oppgåve for kvinner i den nærmaste familien.



FRITJOF URDAL, 35, kulturarbeidar, Florø. Eg vil ha politikarar inn på fylkestinget — ikkje berre taburetsleikjarar.



RAGNHILD WUKSET, 32, forskulelærar, Førde. RV er for gratis barnehageplass til alle barn, og ser på barnehageutbygging som eit offentleg ansvar.

Uten kvinner stoppar Bygde-Noreg!

Eg ser alle politiske saker utifrå eit kvinnekjønnsperspektiv. Halve befolkninga i Sogn og Fjordane er kvinner, og forholda må leggast til rette for at kvinner skal kunne leve her. For utan kvinner stansar Sogn og Fjordane.

Jentene flytter frå Sogn og Fjordane. Mykje på grunn av mangelen på barnehageplassar og kvinnearbeids-plassar. Jentene er ikkje lenger nøgde med å gifte seg til gard — verte bondekone og mor på heiltid. Det er heller ikkje lenger sjølvsgaft for jenter å ha omsorg for mødre, svigermødre og bestefedre — utan at dette arbeidet vert verdsatt. For politikarane her i fylket er det framleis sjølvsgaft at det skal vere slik. Difor er det krise innan eldrem-omsorga og barnehagesektoren.

Denne manglande evna til å sjå heilskapen, og den kortsigtinge planlegginga, er ei av dei sidene ved fylkespolitikarane eg reagerer kraftig på. Ein annan ting er at dei berre tenkjer i kroner og øre. Det er produktivitet som tel. Barn, ungdom og eldre er ikkje produktive, dermed blir dei lågt prioriterte.

—På kva område har fylkespolitikarane svikta mest?

—Eldremisorg og psykiatri. Det er ein enorm mangel på kvalifisert arbeidskraft innafor desse to felta. Og fylket har vore lite flinke til å legge tilhøva til rette for å betre situasjonen. Dette dreier seg i hovudsak om typiske kvinneyrke, som er dårlegare løna enn mannsyrke det er naturleg å samanlikne med. Det er eit akutt behov for fleire barnehagar, og dei som arbeider innafor helsesektoren har eit umenneskeleg arbeidspress på grunn av underbemanning.

Problemet innan psykiatrien har vore den utruleg langsame saks-handsaminga når det gjeld dag- og døgninstitusjonar. Fylket må ha tapt enorme summar på å sende pasientar ut av fylket, og viktigast: pasientane har truleg lidd unødvendig av å vere så langt heimanfrå.



Petrin Eide, 26 år,
sjukepleiar, Førde, står på 2. plass på RV
si fylkestingsliste.

Fylkeskommunen er den største arbeidsgjevaren i fylket, men ein därleg arbeidsgjevar. Det vert naudsynt å setje inn ekstraordinære tiltak for tilsette, til dømes barnehagar og ekstra løn. Og kvifor ikkje 6-timarsdag? Eg meiner at eit prosjekt med 6-timarsdag ville vere eit flott tiltak for å trekke fagpersonell til helsesektoren i Sogn og Fjordane.

—Kva kan RV gjere på fylkestinget for å betre tilhøva for pasientar og arbeidstakrar innan helsestellet?

—Vi skal nytte mykje tid på å fremje helsepolitiske saker, og arbeide for både pasientane og dei tilsette sine interesser. Slik det er i dag tek ikkje politikarane ansvaret sitt alvorleg, verken overfor dei eldre, dei sjuke eller dei som arbeider med desse gruppene. Dette vil vi gjere noko med.




TORIL HANSEN, 33,
fiskeindustriarbeidar, Vågsøy.
RV har gjort ein god jobb etter at
dei kom inn i kommunestyret i
Vågsøy, og vist at dei kan «røske»
opp i saker og ting.



MAGNAR FALKENSTEIN, 36,
småbrukar, Naustdal.
RV har ein god distriktpolitikk,
og gjev full støtte til jordbruket
i utkantane samstundes som dei
går inn for ein miljøvennleg
driftsmåte.



ELISABETH HAARR, 42,
tekstilkunstnar, Askvoll.
RV stør dei profesjonelle kunstnarane
sine krav om betre løns-
og arbeidsvilkår.



Einar Rysjedal, 32,
industriarbeidar, Høyanger, 3. plass på
RV-lista.

Mot rasisme — for menneskeverd

Eg tykkjer det er svært viktig å gå mot alle former for rasisme. Etter at vi no mange stader i Sogn og Fjordane har fått flyktingar frå den tredje verda heilt inn på livet, er dette emnet blitt aktuelt som aldri før.

Noreg manglar arbeidskraft, så kvifor stenge grensene? Samstundes gjer innvandrarane, med sine ulike kulturar, det norske samfunnet rikare. RV vil arbeide aktivt for at Sogn og Fjordane tek imot fleire asylsøkjjarar.

Vi går inn for at det vert løyvt pengar til antirasistiske organisasjonar, at innvandrarborn får fullverdig morsmålundervisning og at løvtingane til norskopplæring for alle innvandrarar vert auka. Vidare må kunnskap om rasisme bli ein obligatorisk del av undervisninga på skulane, og nazistiske og rasistiske organisasjonar må bli forbodne. Vi meiner at innvandrarane og flyktingane må få røysterett etter to års opphold i Noreg, og sjølvsagt må innvandringsstoppen som diskriminerer folk frå den tredje verda, bli oppheva.



Oddveig Lyngstad, 22,
postaspirant, Jølster. 4. plass på RV-lista.

Politikarane er kjedelege — Men politikk er gøy!

Politikk er ikkje berre for vaksne. For politikk handlar om framtida. Og framtida, det er ungdommen. Men vi er sjeldan representerte når politiske vedtak som vedgår oss skal gjerast.

Ei av sakene som fylkespolitikarane klubbar gjennom over hovudet på dei det gjeld, er nedlegginga av vidaregåande klassar. Ungdom har krav på skuletilbod der dei bur. Politikarane må tenkje framover. Dei yrkesfaglege studierettingane må byggast ut, særleg dei vidaregåande kursa, slik at folk kan fullføre utdanninga si på ein stad.

Ei av hjartesakene til Raud Valallianse er solidaritet med den tredje verda. Det er viktig å forstå at vi er ein del av denne jorda. Vi får det ikkje betre her i Noreg om vi sluttar å hjelpe andre land. Difor vil RV også på fylkestinget m.a. gå inn for økonomisk støtte til frigjøringskampen i Afghanistan og ein effektiv boikott av Sør-Afrika.



Oskar Tenden, 31,
bonde, Stryn, 5. plass på RV-lista.

Kapitalismen raserer naturen

Bønder lever av naturen, difor må det vere i landbruket si interesse at naturen vert verna om og ikkje rasert. Eg har vore med i leiinga i Berg Breheimen sidan 1980. Vi kjem til å kjempe heilt til vi får nasjonalpark eller varig vern. Krafta frå Breheimen vert så dyr at det vil presse kraftprisane i veret, og auke faren for «utflagging» av den kraftkrevjande industrien. Regulerte vassdrag er og svært lite motstandsdyktige mot sur nedbør. Jordbruket er på veg inn i ei økologisk krise, spesielt ser vi alvorlege skadeverknader lenger sør i Europa. Det er skremmande at dei i delar av Tyskland må ale opp meitemark avdi jorda er heilt øydelagt.

Miljø-øydelegginga og rovdrifta på ressursane trugar i dag heile livsgrunnlaget vårt på verdsbasis. Årsaka til miljøproblema er i første rekke at politikarar og næringsliv tenker kortsiktig — pengar tel meir enn miljøet. Difor er det einaste fornuftige svaret på miljøproblema sosialisme og planøkonomi.